



Statens vegvesen

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Jens Bremer Remø / 91635473

Vår referanse:
20/231448-2

Dykkar referanse:
201301639-19

Vår dato:
15.12.2020

Svar ut – Høyring av revisjonsdokument for regulering av Arnafjord og Vikvassdraga i Vik, Aurland og Voss kommunar

Vi syner til mottatt brev om høyring av revisjonsdokument for regulering av Arnafjord og Vikvassdraga i Vik, Aurland og Voss kommune.

Saka gjeld:

Vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

Reguleringsbestemmelser for statsreguleringen i Arnafjordvassdragene m.v.

Erverv av bruksrett til Tennevassdraget, Valsvikvassdraget og fall i Refsdalsvassdraget samt til regulering av Målsetvatn og overføringer til Målsetvatn og Refsdalsvassdraget.

Vår uttale:

Vi minner om at alle nye tilkomstar frå riks/europaveg lyt søkjast om til Statens vegvesen. Dette gjeld og utvida eller endra bruk av eksisterande tilkomst frå riks/europaveg.

Byggjegrænse til veg fastsett i reguleringsplan eller veglova gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med meir. Me minner og om at der ikkje anna kjem fram av reguleringsplan, er det ei generell byggjegrænse på 50 meter måla frå vegmidte til riks- og europavegar.

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no - veglister/dispensasjonar - søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971 032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Jens Bremer Remø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.